



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 07.01.2015
Vår ref.: 2014/24792-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Varsel om synfaring - Grindheim - gnr 34 bnr 5 - frådeling av tomt til heilårsbustad - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 22.12.2014 i samband med søknad om frådeling av tomt til heilårsbustad. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at søknaden om frådeling av tomt med føremål bustad kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne, men i dykkar brev står det at arealet der det er søkt om frådeling har ein steinsett haug som er «ikkje klassifisert», jf. Skog og landskap sine kartdatabasar. Denne haugen kan vere ei gravrøys eller ei rydningsrøys og det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til søknaden. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Vi ber kommunen avvente vedtak i saka til det føreligg endeleg fråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.